



Statens vegvesen

BETTY HOLTHE
MOLDALIA 88
5267 ESPELAND

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
18/80861-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.04.2018

Søknad om dispensasjon frå byggegrense – Mur langs parkeringsplass – Fv. 409 – Gnr. 17 bnr. 70 – Radøy kommune

Vi viser til Dykkar søknad om dispensasjon frå byggegrensa til fylkesveg 409 Rossnesvegen for godkjenning av bygd mur langs fylkesvegen på eigedomen gnr. 17, bnr. 70.

Eigedomen ligg innanfor tidlegare godkjend reguleringsplan for Rossnes, gnr. 17 og gnr. 18, bnr. 15 m. fl., godkjend 27.04.1982 med tilhøyrande reguleringsføresegner.

Ut frå det godkjende reguleringsplankartet går det fram at det er regulert ei byggegrense på 30 meter til senterlinja på fylkesvegen (tidlegare riksveg 409) og det er ikkje regulert eigne avkøyringar til kvar einskild hyttetomt. Det er ein føresetnad at hyttene skal nytte eksisterande avkøyringar og felles parkeringsplassar.

Dette tilseier at det er Radøy kommune som reguleringsmynde som skal handame søknaden om dispensasjon etter Plan- og bygningslova etter at Statens vegvesen har gjeve uttale.

I denne saka er det fleire forhold som ikkje er i samsvar med tidlegare godkjend reguleringsplan.

Det er etablert eigen avkøyring til fritidsbustaden på gnr. 17, bnr. 70 utan at vi kan sjå at det er søkt om dispensasjon for dette forholdet i høve til godkjend reguleringsplan. Avkøyringa og parkeringspassen er svært utflytande og er ikkje avgrensa mot fylkesvegen eller opparbeidd i forhold til vegnormalkrav. Vi kan heller ikkje sjå at siktforholda er tilfredsstillande i forhold til vegnormalkrava (handbok N100).

Slik forholda er på staden med omsyn til plassering av muren mot parkeringsplassen og avkøyringa er det vanskeleg å vurdere om kva vi skal ta omsyn til.

Framfor muren som avgrensar parkeringsplassen og avkøyringa er det bygd ei trapp frå utearealet på tomta ned på den opne plassen framfor avslutninga av muren.

I bakkant av trappa er det vist ein terrengmur som av tomtearealet. Vi stiller spørsmål om det er gjeve formelt løyve til oppføring av både trapp og terrengmur.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Med dette som bakgrunn meiner vi at det er så mange uavklara forhold i denne saka i forhold til godkjend reguleringsplan at vi treng fleire opplysningar frå Radøy kommune som reguleringsmynde før vi kan gje formell utale til søknaden om godkjenning av muren som det her er søkt om.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER